



Skissen syner Døssland Advokatfirma sine byggeplanar på heimegarden.

Døssland Advokatfirma har no drive i eitt år frå tunet på Døssland. Publikum har respondert positivt på at firmaet har etablert seg på eit gardstun midt i Kvinnherad, og det har vore nok å gjera for advokatane. Firmaet har no bestemt seg for å byggja eit nytt bygg. Arkitekt Signe Torill Skogseth i Archidea AS på Sandvoll har laga skisser og planteikningar.

Edle Lomheim og Bjarte Døssland har vurdert rein opprusting av gamlehuset, men det blir for dyrt i høve til dei krava som vert stilt til moderne kontorarbeidsplassar, møteromsfasilitetar og så vidare. Det er no søkt om å få byggja eit bygg som både er moderne og funksjonelt, men som samstundes har eit stiluttrykk og ein materialbruk som gir klare assosiasjonar til dei gamle løene i Kvinnherad.

Det er lagt vekt på å skapa eit bygg for generasjonar, då det med enkle grep kan tilpassast gardsnæring eller annan bruk for dei som overtek garden seinare.

Bjarte Døssland fortel til Uskedalen.no at det nye bygget vil bli kopla på gamlehuset, slik at også gamlehuset får ein funksjon, og kan haldast godt ved like. I gamlehuset vil det bli bibliotek, ekstra møterom og andre funksjonar, medan kontorplassene, toalett og eit stort møterom vil bli plassert i det nye bygget.

Grannane har respondert svært positivt på planane, og dagleg leiar Bjarte Døssland vonar alle løyve kan vera på plass i løpet av hausten, slik at det nye bygget kan stå klart til sommaren 2020.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Bjarte Døssland/ Signe Torill Skogseth